



**NYNORSKSENTERET**  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

## ÅRSRAPPORT 2012

## **1. Innleiing – generell omtale**

*Overordnet og generell omtale av senterets virksomhet i 2012 – trekk hovedlinjene. Vis eventuelt kortfattet til spesielle utfordringer, problemstillinger eller vurderinger som vil få/har hatt betydning for aktiviteten.*

Grunnlaget for aktiviteten ved Nynorsksenteret i 2012 har vore *Oppdragsbrev for 2012 og 2013* og *Tiltaksplan 2009-2012*. Det meste av årsrapporten er ein gjennomgang av dei ulike avsnitta i desse to dokumenta, med ei punktvis oppsummering av aktivitet og resultat. I tillegg kjem oppsummerande kommentarar etter kvar hovuddel.

I årets rapport har vi lagt meir vekt enn før på å kommentere og vurdere i kva grad vi har nådd dei oppsette måla for verksemda. Slik eigenevaluering er viktig både for oss og for Udir. Det er med på å halde retninga og til å korrigere der vi eventuelt er ute av kurs eller på veg inn i ei blindgate. Det er likevel ei vanskeleg øving. Omfanget av det vi driv med kan – i alle fall eit stykke på veg – teljast og målast og oppsummerast i rimeleg objektive oversyn. «Kvalitet», for ikkje å seie «effekt», er verre å seie noko om. Vi får stadig tilbakemeldingar frå skular, barnehagar og andre samarbeidspartnarar, både uformelt og i formalisert rapportering. Vi gjer sjølvsagt også eigne observasjonar. Men vi er varsame med å dra sikre konklusjonar på dette lite vitskaplege grunnlaget.

Dersom vi hadde hatt mandat til å drive forsking, kunne vi laga sikrare rapportar om «effektar». Det har vi som kjent ikkje, og vi ynsker difor meir samarbeid med forskingsmiljø som kan evaluere tiltaka på ein fagleg solid måte. Vi har samarbeid med nokre UH-miljø (m.a. i prosjektet om «tidleg start»), og dette er svært nyttig for oss. Målsetjinga er å få til meir slikt samarbeid dei komande åra.

Aktiviteten med utgangspunkt i *Tiltaksplan 2009-2012* skulle etter planen avsluttast ved årsskiftet. På styringsdialogmøtet våren 2012 fremja vi ynske om å forlenge nokre av prosjekta ut skuleåret, dvs. til og med våren 2013, med tilhøyrande utsetjing av sluttrapportering. Dette fekk vi aksept for. Den rapporten som blir lagt fram her om tiltaksplanen difor nokså kortfatta. Fullstendig sluttrapport er planlagt ferdig til 1.7.2013.

Nokre av punkta i oppdragsbrevet for 2012 og 2013 overlappar heilt eller delvis nokre av måla og tiltaka i tiltaksplanen. Det gjeld særleg den senterspesifikke delen. Denne overlappinga gjer det vanskeleg å rapportere på ein ryddig måte. I år har vi gjort det slik at vi i hovuddel 3 (Senterspesifikke oppgåver), punkt 1.1 (Tiltaksplan 2009-2012) berre viser til hovuddel 4 (Årsrapport for Tiltaksplan 2009-2012). I denne delen overlappar elles oppgåve 6 (UH-sektoren) langt på veg punkt 2.2 i generell del i oppdragsbrevet. Omtale og vurdering av denne delen av verksemda har vi difor samla der. Vi vonar denne måten å gjere det på er tilfredsstillande.

To av dei viktigaste satsingsområda dette året har vore arbeidet med revidert norskplan og meir UH-samarbeid. Det første har gått sin gang med ymse møte, interne diskusjonar og nye utkast. Alt i alt synest vi at vi har fått vere med på den prosessen på ein konstruktiv måte. Når det gjeld arbeidet med å få til meir UH- samarbeid om etterutdanning og forsking, har det vore tyngre å få til. Vi er avhengige av at fagmiljøa sjølve prioriterer nynorsktiltak. På det området står det att ein del.

Meir samarbeid med dei andre nasjonale sentera har også vore ei prioritert målsetjing. Ikkje minst med tanke på å nå ut til UH-sektoren med etterutdanningstilbod er det fornuftig å samordne tiltak. I 2012 har vi hatt mest kontakt med Skrive-senteret. I 2013 og vidare skal vi m.a. vere med på den store ungdomsskulesatsinga saman med dei. Det ser vi fram til.

Kunnskapsdepartementet oppnemnde i mars «Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål». Nynorsksenteret vart invitert til å vere med her. I tillegg fekk vi spørsmål om å stille med sekretær, noko vi gjorde. Dette engasjementet har tatt ein del tid, men det har vore svært nyttig og relevant for det faglege arbeidet, særleg det som gjeld læreplanrevisjonen.

Vi har også deltatt aktivt i andre nettverk og forum som er relevante for vårt fagområde. Vi har m.a. hatt møte og samarbeid med Språkrådet, Landslaget for nynorskkommunar, Nynorsk Forum og Noregs Mållag. Det har også vore avvikla to møte i vårt eige fagråd.

I det meste av 2012 har Nynorsksenteret hatt ti tilsette, inkludert ein stipendiat. Om lag halvparten har hatt full stilling, resten har hatt delstillingar frå femti til åtti prosent. Dei fleste tilsette har kontorplass i same miljø ved Høgskulen i Volda, medan to har heimekontor.

Takk til alle vi har samarbeidd med i 2012.

Volda, 15. januar 2012  
Torgeir Dimmen  
Senterleiar

## **2. Felles oppgåver i 2012**

Senteret skal utforme konkret oversikt over aktiviteter/tiltak under hvert punkt som skal gjennomføres i egen regi i 2012 og vise til aktivitet som skjer i samarbeid med andre senter/evt. andre samarbeidsparter. Milepåler og resultat i form av for eksempel produkt/arrangement med mer skal fremkomme av årsplanen. Det kan være flere aktiviteter under hvert punkt som til sammen utgjør hele oppgaven som er beskrevet.

Senterspesifikke oppgaver med relevans for fellesdelen beskrives som aktiviteter under fellesdelen.

Tiltaksplaner skal føres som egen del – bruk samme mal. Aktivitet under tiltaksplaner skal ikke (i tillegg) beskrives i felles del eller senterspesifikk del.

### **2.1 Læreplanrelatert aktivitet**

<b>Oppgåve</b>
1.1 Bistå direktoratet i justering og videreutvikling av læreplaner for fag i grunnopplæringen (inkluderer også nye valgfag for ungdomstrinnet fra høsten 2012)
1.2 Bidra til utvikling av veiledninger og støttmateriell til læreplaner for de gjennomgående fellesfagene og valgfag for ungdomstrinnet, som skal være tilgjengelig via direktoratets og sentrenes nettsteder
1.3 Bistå direktoratet i implementeringen av reviderte læreplaner i fellesfagene og læreplaner i valgfag med tilhørende veiledningsmateriell
1.4 Utvikle, systematisere og formidle gratis ressurser og støttmateriell i grunnopplæringen
1.5 Sentrene skal samarbeide med direktoratet om publisering i den nye visningen av læreplaner på <a href="http://www.udir.no">www.udir.no</a>
1.6 Sentrene skal bidra i nasjonale satsninger i regi av Utdanningsdirektoratet

<b>Aktivitet</b>	<b>Milepålar/resultat</b>
1.1 - Grunnopplæringa: NYS har hatt ein representant med i responsgruppa for ny norsklæreplan. Vi har også bidrege med direkte innspel til arbeidet i eigne notat og i direkte møte med Udir.	- Rapport(ar) frå responsgruppa levert. Utkast til høyringsnotat levert frå Udir 1.10.
1.2 - Rettleiingar og støttmateriell til læreplanar for fellesfag: Ikke engasjert i slikt arbeid i 2012.	

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Valfag: Deltatt på fellesmøte om korleis sentera sine ressursar kan brukast i nye valfag. I samarbeid med dei andre sentera har NYS lagt til rette eigne ressursar til slikt bruk.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Aktuelle nettressursar er tilgjengelege. Plan for samordning/presentasjon av ressursane frå sentera er klar.</li> </ul>
<p>1.3</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- NYS har ikkje vore engasjert i slikt arbeid i 2012.</li> </ul>	
<p>1.4</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nettsida <i>nynorskcenteret.no</i> har fått ny formgjeving og det er lagt betre til rette for bruk av ressursane på nettsida. Vi har revidert og oppdatert innhaldet i fleire eksisterande nettressurssar og trykksaker, m.a. etter ny nynorsk rettskriving (frå 1.8.2012).</li> <li>- Vi har laga tre filmar frå barnehageprosjekt.</li> <li>- Vi har lagt ut fleire nye tekstar i <i>Tekstbasen</i> på nettsida.</li> <li>- Vi har utvida basen med bokmeldingar med tips om ny nynorsklitteratur som kan brukast i barnehage og skule.</li> <li>- Vi brukar Facebook aktivt som formidlingskanal.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruken av nettressursane våre aukar (sjå tabell under).</li> </ul>
<p>1.5</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi har deltatt på nettredaktørsmøte for å planlegge samkjøring med tenestene til sentera og Udir sentralt.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Liste over peikarar levert til Udir i mai.</li> </ul>
<p>1.6</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- NYS har ikkje hatt hovudansvar for nasjonale satsingar i 2012, men vi hatt faste bidrag på NY GIV-samlingane.</li> <li>- Vi er med i <i>Forum for nynorsk i opplæringa</i>. Udir kalla inn til møte i denne gruppa i september, der deler av eit førebels utkast til revidert norsklæreplan vart presentert og drøfta.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kurs på fem NY GIV-samlingar.</li> <li>- Deltaking på eitt møte i <i>Forum for nynorsk i opplæringa</i>.</li> </ul>

## Årsrapport 2012 (til punkt 2.1)

### Omtale av gjennomført aktivitet

For Nynorsksenteret har delar av arbeidsåret 2012 vore prega av arbeidet med å revidere norsklæreplanen. Grunnlaget for dei interne diskusjonane har vore ymse dokument. Dei viktigaste er rammeverket for dei grunnleggande ferdighetene, sluttrapporten frå Forum for norskfaget, notat frå Udir med oppfølgjande dokument frå departementet, utkast frå læreplangruppa og innspel frå responsgruppa. Vi har først og fremst drøfta dei ulike utkasta til kompetansemål knytte til nynorsk - bokmål og hovudmål - sidemål, og til standpunkt- og sluttvurdering. Dette har også vore hovudtema på møte vi har hatt med andre nynorskinstitusjonar og -organisasjonar gjennom av året. Vi har kome med innspel om desse delane av planutkastet i fleire samanhengar, både gjennom vår representant i responsgruppa og i direkte møte med Udir, men har elles ikkje tatt del i det offentlege ordskiftet.

Når det gjeld oppfølging av ressursar til dei nye valfaga på ungdomstrinnet, har vi vore med på den felles tilrettelegginga i Udir-regi. Vi har «meldt inn» ein del av nettressursar våre og lagt til rette for at desse kan brukast i fleire av valfaga.

I 2012 har vi ikkje vore så aktive med å lage nye nettressursar som vi var i 2011 (då vi hadde den store «Berte og Iver»-satsinga for dei minste). Men vi har produsert to nye filmar og vi har revidert eksisterande nettressursar, m.a. dei som er spesielt innretta mot framandspråklege.

### Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Vi synest vi har fått spele ei konstruktiv rolle i Udir/KD sitt arbeid med å revidere norskplanen. I møte og notat har vi fått bidra med faglege innspel og synspunkt som vi vonar viser att i den endelege versjonen.

Tabellen under viser at det i 2012 har vore ein fin auke i bruken av nettressursane. Dette er vi godt nøgde med. Vi registererer også ein stor auke i bruken av heimesida vår *nynorsksenteret.no*. I 2012 hadde vi her 50 209 unike brukarar, ein auke på over 20 prosent frå året før. På den andre sida viste Udir si undersøking «Spørsmål til Skole-Norge» våren 2012 at Nynorsksenteret er svært lite kjent og brukt av lærarar og skuleleiarar. Vi tolkar dette slik at dei som kjenner til tilboda våre er flittige brukarar, men at vi også har eit stort potensial for auka bruk. For 2013 og vidare er det i alle fall ei viktig målsetjing å bli meir kjent i heile landet.

Tilbakemeldingane frå bidraga våre på NY GIV-kursa er gode. På ein skala frå 1 (ikkje relevant) til 5 (svært relevant) fekk foredraget eit snitt på 4,25. Dette samsvarar godt med den direkte responsen medarbeidaren vår har fått undervegs og frå det som har kome via arrangøren Skrivesenteret.

## **Vesentlege avvik (også økonomiske)**

Ingen vesentlege avvik i gjennomført aktivitet i forhold til planar. Heller ingen økonomiske avvik.

### **Vedlegg:**

#### **Tal for unike brukarar for dei ulike vefsidene våre: (2011-tala i parantes)**

Nynorskcenter.no: 50 209 (41 801)

På nynorsk: 40 186 (39 414)

Teikneseriar: 23 846 (19 096)

Nynorskboek.no: 26 807 (23 112)

Nynorsk for dei minste: 13 138 (9 678)

Berte og Iver: 13 911 (11 322)

Nynorsk arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege: 8 514 (8 650)

Tekstbasen: 7 401 (7 769)

Typisk nynorsk: 5 179 (1 438)

### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

Tekstbasen: <http://tekstbasen.nynorskcenter.no/index.php?&nynTXTpg=front>

Nettressursar for dei minste, inkl. tre nye filmar: <http://www.nynorskcenter.no/nyn/ressursbase-for-skulen/nynorsk-for-dei-minste/opplegg-og-id%C3%A9ar>

## **2.2 Fagdidaktisk aktivitet og kompetanseutvikling**

<b>Oppgåve</b>
2.1 Bidra med støtte og veiledning for å styrke fagdidaktisk virksomhet og utvikling på sentrenes fagområder
2.2 Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere
2.3 Drifte og lede faglige nettverk mellom universiteter og høgskoler og nasjonale senter

<b>Aktivitet</b>	<b>Milepålar/resultat</b>
<p>2.1</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Vi gir ut fagbladet <i>Nynorskopplæring</i> med stoff om god nynorskundervisning. Bladet er gratis.</li><li>- Dagleg svar (pr. epost og tlf.) på spørsmål om litteraturtips, forfattarbesøk og tilgjengelege undervisningsressursar.</li><li>- Vi har formidla nynorskdidaktikk på mange fagdagar og kurs for lærarar og barnehagetilsette. På fleire av samlingane har vi samarbeidd med andre aktørar som driv med litteratur- og kulturformidling.</li><li>- Vi var medarrangør av Nynorsk barnebokveke (oktober), saman med Nynorsk kultursentrum og Fylkesbiblioteket. Målgruppe: Lærarar (1.-7. klasse) og barnehagetilsette.</li><li>- Samarbeid med Nordfjordregionen, UiB og HiSF om å utvikle nynorske læringsressursar på nett.</li><li>- Saman med NAFO og Framandspråksenteret er vi med på eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket om nasjonale utstillingar om språk i Noreg.</li><li>- Vi har deltatt på to Udir-initierte samlingar for å presentere dei nasjonale sentera sine ressursar: Med lærarutdanningsregionane (juni) og fylkesmennene (november).</li></ul> <p>(Sjå også omtale av Tiltaksplan-prosjekta)</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Tre nummer av <i>Nynorskopplæring</i>. Opplag: ca 2000.</li><li>- Foredrag og presentasjonar på 30-40 fag- og kursdagar.</li><li>- Forfattar- og formidlingsturné til fire kommunar i Møre og Romsdal.</li><li>- Søknad sendt (desember) til KD om støtte til å etablere og drive base med nettressursar.</li><li>- Deltaking på møte, utarbeiding av prosjektnotat og utlysing av konkurranse. Utstillingane skal lagast og presenterast i Språkåret 2013.</li></ul>

<p><b>2.2</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi har deltatt på møte i UH-nett Vest og presentert behov for auka kompetanse på vårt fagområde.</li>   <li>- Vi har hatt eigne møte med norsklærar-utdannarar og studentgrupper ved fleire høgskular.</li> <li>- Med utgangspunkt i tiltaksplan-prosjekta våre har vi laga «smørbrødlister» med framlegg til masteroppgåver.</li>   <li>- I samarbeid med HVO har vi laga eit utkast til etterutdanningskurs for vg.-nivået, etter initiativ frå ein vidaregåande skule i Sortland.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Velviljen i UH-sektoren er stor, men førebels har det ikkje ført til nye forskingsprosjekt eller vesentlege endringar i studietilboda (så vidt vi veit).</li> <li>- Forelesingar (og møte) i Volda, Telemark, Vestfold og Stavanger.</li> <li>- Tema for masterprosjekt er foreslått for studentar ved UiS (via Lesesenteret) og HVO (Ivar Aasen-instituttet). Førebels ikkje napp (pr. haust 2012).</li> <li>- Kurset er så godt som klart, men utprøving/gjennomføring er lagt på is pga. manglande kapasitet og finansiering.</li> </ul>
<p><b>2.3</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- NYS er med på å leie og drive NOLES-nettverket saman med Skrivesenteret og Lesesenteret.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- To NOLES-samlingar i 2012 (februar og oktober) på Gardermoen. Begge med godt oppmøte.</li> </ul>

## Årsrapport 2012 (til punkt 2.2.)

### Omtale av gjennomført aktivitet

Vi får stadig spørsmål frå skular, skuleeigarar og interesseorganisasjonar (t.d. norsknettverk) om å ha kursdagar og forelesingar om god nynorskundervisning. Når vi vurderer slike førespurnader, prioriterer vi arenaer der vi når mange og der vi trur det kan gi ringverknader. I 2012 har vi t.d. vore i Sogn og Fjordane og Trøndelag og hatt regionale kurs for lærarar, både for grunnskule- og vidaregåande-trinnet. Vi takkar oftast nei til spørsmål om gjesteforelesingar eller besøk i einskildklasser. På den andre sida er det viktig at vi også har eigne førstehands røynsler frå direkte møte med «sluttbrukarane». Dette er eit sjølvsagt grunnlag i arbeidet med å utvikle eigne undervisningsressursar og når vi skal «gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere». Dette har t.d. vore grunnlaget for engasjement i kommunalt initierte nynorskprosjekt i Flora og Jølster.

Leiaren har i 2012 prioritert besøk på lærarutdanningsinstitusjonane på Vestlandet, for om mogleg få til samarbeid om forsking og utdanningstilbod på vårt fagfelt. Det er naturleg å starte i denne landsdelen, sidan det er her det finst mest nynorskkompetanse.

### **Senterets vurdering av måloppnåing og effektar**

Det er i praksis uråd å seie noko sikkert om «effektar» på dette punktet. Vi har ikkje kvantitative mål på kor mykje meir – eller betre – nynorskundervisning det blir etter dei ulike kursa og fagdagane. Det vi veit, er at vi i dei aller fleste høve får gode tilbakemeldingar. Lærarar og barnehagetilsette set stor pris på tips og rettleiing, både om måtar å drive nynorskoplæring på og om god litteratur. Det er lite å finne om dette andre stader enn hos oss.

Når det gjeld å få «resultat» for delpunkt 2.2 («Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere») har truleg Nynorskcenteret ei ekstra utfordring samanlikna med dei fleste andre nasjonale sentera. Dei kan dra nytte av store og kompetansetunge familjø ved mange universitet og høgskular. På vårt fagområde har UH-sektoren svært lite å tilby både av forsking og av etter- og vidareutdanning. Vi har god kontakt med dei fagpersonane i UH-miljøa som driv forsking på og formidling av nynorskdidaktikk, men dei er få, dei har lite ressursar og dei er spreidde rundt på fleire ulike institusjonar.

Det er eit opplagt langsiktig mål å få til meir UH-aktivitet (både forsking og undervisning) på fagområdet vårt. UiB og høgskulane på Vestlandet – som Nynorskcenteret alltid har hatt godt samarbeid med – er ein naturleg stad å byrje, men det er også viktig å etablere kontakt og utvikle samarbeid med lærarutdanningsmiljøa andre stader landet.

Begge NOLES-samlingane i 2012 hadde godt program med foredrag og diskusjonar som var relevante for oss. Oppmøtet var også bra, sjølv om det måtte ein del påminningar til før påmeldingane kom, særleg til haustsamlinga.

### **Vesentlege avvik (også økonomiske)**

Ingen vesentlege avvik i gjennomført aktivitet i forhold til planar. Heller ingen økonomiske avvik.

### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

Bladet *Nynorskoplæring*: <http://www.nynorskcenteret.no/blad>

NOLES: <http://noles.skrivesenteret.no/?cat=7>

## **2.3 Dokumentasjon, analyse og forsking**

<b>Oppgåve</b>
3.1 Kjenne til og bruke relevant kunnskapsgrunnlag som for eksempel evalueringer, studier, statistikk og forskning i sentrenes arbeid for og i sektoren
3.2 Samle, systematisere og spre resultater fra forsknings- og utviklingsarbeid til sektoren
3.3 Bruke sentrenes kontaktflater i sektoren til systematisk å innhente og dokumentere erfaring med implementering og bruk av læreplaner for fag
3.4 Bidra i forsknings- og analyseoppgaver etter oppdrag fra direktoratet

<b>Aktivitet</b>	<b>Milepålar/resultat</b>
3.1 <ul style="list-style-type: none"> <li>- NYS-tilsette held seg oppdaterte på relevant forsking gjennom lesing av faglitteratur og deltaking på kurs og konferansar.</li> <li>- Nokre tilsette har vore engasjerte som rettleiarar av masterstudentar ved Aasen-instituttet ved HVO.</li> <li>- Vi har samarbeidd med Ivar Aasen-instituttet ved HVO om midlar til eit forskingsprosjekt om nynorskoplæring.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Pr. des. 2012: Ikkje svar på søknaden</li> </ul>
3.2 <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi formidlar aktuell forsking og eigne (og andre sine) praksisrøynsler i mange kanalar: på nettsida, i vårt eige fagblad, i artiklar i fagtidsskrift og som foredragshaldarar i ymse samanhengar.</li> <li>- Saman med Språkrådet arrangerte vi ein nasjonal fagkonferanse i oktober om grunnlaget for norskfaget i skulen.</li> <li>- Vi har utvida samlinga med akademiske tekstar og prosjektrapportar på nettstaden. Dette oversynet blir kontinuerleg oppdatert og forbetra.</li> <li>- I 2012 har ein stipendiat vore tilknytt senteret. Ho har hatt fødselspermisjon frå april og ut året. Stipendperioden varer til hausten 2014.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvida og betre tilgjengelege nettressursar.</li> <li>- Konferanse i Oslo i oktober: «Tospråk og danning». 80 deltararar, dei fleste lærarar. Konferanseinnlegga blir utgitt i eigen publikasjon i januar 2013 og på nettsida.</li> </ul>
3.3 <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi har ikkje gjennomført <i>systematisk</i> innhenting og dokumentasjon frå «erfaring med implementering og bruk av læreplaner for fag», men gjennom prosjekta i tiltaksplanen og tilbakemelding frå lærarar og</li> </ul>	

skuleeigarar i samband med kurs/foredrag har vi fått mykje uformell tilbakemelding om dette.	
3.4 Vi har ikkje hatt slike oppgåver i 2012.	

## Årsrapport 2012 (til punkt 2.3)

### Omtale av aktivitet

Vi ser på oss som ein viktig del av det vesle fagmiljøet som driv FoU-arbeid med utgangspunkt i nynorskopplæring. Vi driv ikkje eiga forsking, men trur at røynslene m.a. frå tiltaksplan-prosjekta er viktige bidrag i kunnskapen om fagområdet vårt. Alle NYS-tilsette får tilbod om å delta på konferansar om norskfaglege emne. Dette er naudsynt påfyll for å kunne gi gode og oppdaterte bidrag når vi sjølve er ute på formidlingsoppdrag.

Fagkonferansen i oktober tok utgangspunkt i det vi kalla «tospråksperspektivet» i norskfaget. Føremålet var å inspirere til eit overordna perspektiv på den aktuelle debatten om ny norskplan. I 2012 handla denne debatten elles mest om vurderingsordningane og om kompetansekrava i sidemålet. Om vi lykkast med denne perspektivutvidinga er uvisst, men evalueringa etterpå ga i alle fall – med nokre få unntak – svært gode tilbakemeldingar på foredraga og debattane.

### Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Det er vanskeleg å vurdere måloppnåing og effektar for denne delen av oppdragsbrevet, men for framtida kan vi kanskje vere meir bevisste på å arbeide med (og presentere) teori og forsking som kan vere relevant for *nynorsk*-undervisning spesielt. Kva er det som skil opplæring i nynorsk (både som hovudmål og sidemål) frå opplæring i bokmål? Sjå elles merknad til hovudpunkt 2.2 over om manglande forskings-/fagmiljø på fagområdet vårt.

Til 3.1, om formell kompetanseheving: Ein NYS-tilsett no er inne i sluttfasen i arbeidet med doktorgrad (avhandling blir levert i 2013) og to andre er godt i gang med masterstudium (eksamen 2014 eller 2015). Ein tilsett har fullført 1. lektorkurs i 2012.

### Vesentlege avvik (også økonomiske)

Ingen vesentlege avvik i gjennomført aktivitet i forhold til planar. Heller ingen økonomiske avvik.

### Lenker til tilleggsdokumentasjon

Konferanserapport frå «Tospråk og danning»: [www.nynorsksenteret.no/konferanse2012](http://www.nynorsksenteret.no/konferanse2012)

### **3. Sinterspesifikke oppgåver**

*Se spesifikke mål for hvert senter i oppdragsbrevet. Oppgaver nevnt i denne delen med relevans for felles del av oppdragsbrevet skal beskrives under fellesdelen. Dette skyldes at det for noen senter er skrevet inn spesifiseringer/presiseringer av aktivitet som skal skje under felles delen av oppdragsbrevet. Det kan være flere aktiviteter under hver oppgave.*

#### **Oppgåver**

Aktivitet	Milepålar/resultat
1.1 <i>Tiltaksplanen 2009-2012</i> Vidareføre, vidareutvikle og dokumentere FoU-prosjekt i lesestimulering og lese- og skriveopplæring i og på nynorsk: - Nynorsk i barnehagen - Tidleg start - Bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i anna fag enn norsk på ungdomssteget og vg. skole. - Skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vgs.	- Sjå årsrapport for tiltaksplanen (del 4)
1.2 - Utvikle nettressursar på nynorsk for lærarar som arbeider med elevar og vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn.	- Her har vi tidlegare laga nettressursar som fungerer godt. I 2012 har desse ressursane blitt oppdaterte etter ny rettskriving.
Aktivitet	Milepålar/resultat
2.1 - Vurdere og foreslå kva fleire nettressursar på bokmål frå dei andre nasjonale sentera som bør bli gjorde tilgjengelege på nynorsk.	- Vi har gått systematisk gjennom nettressursane til dei andre nasjonale sentera. Førebels konklusjon er at alle utanom NAFO brukar både nynorsk og bokmål på nettsidene sine. Når det gjeld elevretta innhald er variasjonen større og meir problematisk. <i>Sjå også vedlegg 1:</i> <i>Notat om nettressursar på nynorsk ved dei nasjonale sentera.</i> <i>Fullstendig rapport blir levert innan 1.7.2013</i>

# Årsrapport 2012 (til del 3)

## Omtale av aktivitet

Det meste av første del av senterspesifikk del av oppdragsbrevet (dei fire første prikkpunktta) gjeld tiltaksplanen. Denne aktiviteten med tilhøyrande vurdering blir difor omtala i neste del av årsrapporten.

Nettressursane «Nynorsk arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege» (laga i samarbeid med HVO) og «Nynorsk over alle grenser» (laga i samarbeid med Oslo voksenopplæring) er no oppdaterte etter ny rettskriving i august. Dei er å finne på nettsida vår saman med peikarar til andre læreverk for minoritetsspråklege.

Til punkt 2.1: Vi har gatt gjennom og laga ei førebels oppsummering av nynorskbruken ved dei andre nasjonale sentera. Variasjonen er stor, både når det gjeld «redaksjonelt stoff» og ressursar som er direkte retta mot elevar. Når det gjeld det siste, bør det vere ei sjølvfylgje at det blir laga parallellutgåver. Til andre typar stoff – retta mot lærarar og skuleeigarar – kan ei viss skeivfordeling aksepterast, men også her har nokre senter etter vårt skjøn altfor låg nynorskprosent.

Ei kort oppsummering av kartlegginga og våre konklusjonar er lagt ved her. Ein meir fullstendig rapport med framlegg til tiltak vil bli utarbeidd våren 2013.

## Senterets vurdering av måloppnåing og effektar

Tiltaksplanen: Sjå eigen rapport under.

Når det gjeld tilbodet til minoritetsspråklege, vurderer vi det slik at dei tilboda vi har fungerer godt.

## Vesentlege avvik (også økonomiske)

Aktivitet med utgangspunkt i tiltaksplanen er gjennomført etter oppsett plan og innanfor budsjett.

Heller ikkje avvik for dei to andre underpunktta.

## Vedlegg 1:

*Notat med førebels oppsummering av nynorskressursar ved dei nasjonale sentera.*

## Lenker til tilleggsdokumentasjon

Tilbod til minoritetsspråklege: <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspr%C3%A5klege>

## **4. Årsrapport for Tiltaksplan 2009-2012**

Kun aktuelt for Nynorsksenteret og Fremmedspråksenteret

### **Oppgåver**

#### **Oppgåve 1: Barnehage**

Mål: Nynorske tekster skal formidlast til barn i alle barnehagar.

Tiltak: Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar for leik og læring på nynorsk for barn

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>1.1</p> <p>- Fram til juni 2012 hadde «Nynorsk i barnehagen» sju prosjektbarnehagar. Fem av desse heldt fram etter sommarferien. Fire har vore med frå starten i 2010. Ein barnehage var ny sist haust. I den handla prosjektet om overgangen frå barnehage til skule.</p> <p>Barnehageprosjekta tar utgangspunkt i nettressursane våre, både barnesidene og ressurssidene for vaksne. Målet er å utvikle gode modellar for lesing og språkstimulering i barnehagen. Barnehagane brukar nynorsk barnelitteratur til høgtlesing og førskulelærarane får kompetanseheving i språkstimulering.</p> <p>I 2012 har det blitt arrangert to samlingar for prosjektbarnehagane. Den siste var felles med «nynorsk for skulestart»-skulane.</p> <p>(Sjå fleire detaljar i oppsummeringa under)</p>	<p>- Barnehagane leverer rapportar to gongar i året.</p> <p>Prosjekta er dokumenterte gjennom reportasjar til bladet og andre aktuelle tidsskrift. Vi har laga tre filmar om nynorsk i barnehagen, og desse er formidla på nettsidene våre.</p>

#### **Oppgåve 2: Barnetrinn**

Mål: Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet

Tiltak: Setje i gang prosjekt for utprøving av «tidleg start» med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål.

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>2.1</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tidleg start (for elevar med bokmål som opplæringsmål): Desse prosjekta er no inne i sitt tredje år. Tre tredjeklasser i Stavanger, to femteklasser i Østfold og ei femtekasse nær Bergen har vore med i prosjektet «Tidleg start med nynorsk». Desse klassene (som har bokmål som opplæringsmål) har jobba systematisk med å lese og skrive ulike typar nynorske tekstar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Prosjekta er sette i gang i samarbeid med Høgskolen i Østfold (ved Benthe Kolberg Jansson) og Høgskolen i Bergen (ved Hilde Traavik). Førebelse resultat er publiserte på konferansar og i artikkelsamling (sjå peikarar under).</li> </ul>
<p>2.2 (sjå også prosjekt under punkt 1.1.)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nynorsk frå skulestart (for elevar med nynorsk som opplæringsmål): Her har målsetjinga vore å gi born «nynorskidentitet» heilt frå første klasse. Desse prosjekta starta opp hausten 2011 og hadde åtte prosjektskular det første året. Frå hausten 2012 var det ein skule som slutta og ein annan som kom til. Her kom nokre av elevane frå ein barnehage som hadde vore med i vårt prosjekt året før. Det har blitt arrangert to samlingar for prosjektskulane. Den siste var felles med barnehagane. (Sjå fleire detaljar i oppsummeringa under)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulane leverer rapportar to gongar i året.</li> </ul> <p>Prosjekta er dokumenterte gjennom reportasjar til bladet og andre aktuelle tidsskrift.</p>
<p>2.3. (sjå også prosjekt under punkt 3.2)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skriving i alle fag (for elevar med nynorsk som opplæringsmål): I 2012 hadde vi prosjekt i fire skular på mellomtrinnet der målet har vore å styrke ferdighetene i nynorsk gjennom skriving i alle fag og i mange sjangrar. Det overordna målet er at elevane skal utvikle gode ferdigheter i nynorsk skriving, og at elevane skal utvikle positiv identitetskjensle ved å bruke nynorsk som sitt skriftlege språk. Det har blitt lagt vekt på god bruk av fagterminologi og å bruke ulike læringsstrategiar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulane leverer rapportar to gongar i året.</li> </ul> <p>Prosjekta er dokumenterte gjennom reportasjar til bladet og andre aktuelle tidsskrift.</p>
<p><b>Oppgave 3: Ungdomstrinn og vg. opplæring</b></p> <p>Mål: Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykkje seg skriftleg på nynorsk i alle sjangrar, og tilegne seg grunnleggjande ferdigheter i lesing og skriving.</p> <p>Tiltak: For elevar med bokmål som hovudmål: Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk.</p> <p>For elevar med nynorsk som hovudmål: Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig, og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.</p>	

<b>Aktivitet</b>	<b>Milepålar/resultat</b>
<p>3.1</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lærebøker på nynorsk i anna fag enn norsk (for elevar med nynorsk som sidemål)</li> </ul> <p>I 2012 har vi støtta slike prosjekt ved to ungdomsskular og ein vidaregåande skule. Det mest vanlege er å bruke nynorske lærebøker i fag som RLE og samfunnsfag, men ved ein skule (Stavanger katedralskole) har ein også prøvd ut metoden i faget kjemi.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sidemålsprosjekt ved Torstad ungdomsskole i Asker. Dette er eit nytt, eittårig prosjekt som omfattar fleire ulike tilnærmingar til arbeid med nynorsk som sidemål. (Sjå fleire detaljar i oppsummeringa under.)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dette er ein metode som er prøvd ut over mange år mange stader i landet. Tilbakemeldingane frå lærarar og elevar er stort sett svært gode. Vi har byrja arbeidet med manus til ein film om metoden. Denne filmen vil bli ferdig våren 2013.</li> </ul>
<p>3.2. (sjå også prosjekt under punkt 2.3)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skriving i alle fag (for elevar med nynorsk som hovudmål):</li> </ul> <p>I 2012 har vi hatt prosjekt i åtte skular på ungdomstrinnet der målet har vore Å styrke ferdighetene i nynorsk gjennom skriving i alle fag og i mange sjangrar. Det overordna målet er at elevane skal utvikle gode ferdigheter i nynorsk skriving, og at elevane skal utvikle positiv identitetskjensle ved å bruke nynorsk som sitt skriftlege språk. Det har blitt lagt vekt på god bruk av fagterminologi og å bruke ulike læringsstrategiar.</p> <p>To av prosjekta (Nesset og Stord) er ein del av ei satsing der alle skulane i kommunen er med. Nesset har vore med sidan 2010, Stord byrja først hausten 2012.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulane leverer rapportar to gongar i året. Prosjekta er dokumenterte gjennom reportasjar til bladet og andre aktuelle tidsskrift.</li> </ul> <p>Røynslene frå Nesset kommune er særleg gode. Her har ein fått til ei robust prosjektorganisering som omfattar alle skulane på ein systematisk måte.</p>
<p>3.3.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Målstreken</li> </ul> <p>Dette prosjektet var eit samarbeid mellom Valdres vgs. og Firda vgs. Det vart starta av Valdres Mållag og Noregs Mållag i 2009, og det har fått støtte frå oss sidan 2010. Målet var å auke elevane sin kompetanse innan dei grunnleggjande ferdighetene lesing og skriving med vekt på nynorsk både som hovudmål og sidemål. Ein ville også styrke elevane sin språklege tryggleik, innhente kunnskap om korleis dei språklege omgjevnadene til elevane påverkar skriftspråket deira og utvikle undervisningsopplegg som har vekt på målbyte, språkleg sjølvtilleit og tryggleik i eigen kultur.</p> <p>Prosjektet har hatt eigen prosjektleiar og vart avslutta hausten 2012.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjå eigen sluttrapport i peikaren under</li> </ul>

#### **Oppgave 4: Yrkesfag**

Mål: Elevane med nynorsk som hovudmål i yrkesfaglege utdanningsprogram skal ha læremiddel, læringsressursar og lærarar med kompetanse i nynorsk språk som gjer det mogleg for elevane å utvikle eit godt og relevant nynorsk fagspråk slik at dei blir trygge språkbrukarar i framtidig yrkesliv.

Tiltak: - Gjere fagtekstar på nynorsk tilgjengelege for bruk i opplæringa.

- Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet.

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>4.1</p> <p>I 2012 har vi prøvd å kartlegge behovet for gode fagtekstar på nynorsk, utan å ha fått gode svar på kva som eigentleg trengst her. (Sjå fleire detaljar i omtalen under.)</p> <p>Vi har også prøvd å kartlegge bruken av nynorsk hjå elevar i yrkesfaglege studieretningar og i kva grad desse får undervisning på si målform. Dette har vist seg å vere svært vanskeleg, m.a. fordi det ikkje finst sentral statistikk for kor mange elevar som nyttar nynorsk.</p>	

#### **Oppgave 5: Språklege minoritarar**

Mål: Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god og tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevar med norsk som morsmål

Tiltak: - I samarbeid med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring sikre digitale ressursar på nynorsk til bruk for lærarar som underviser etter *læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter* og i grunnopplæringa.

- Utvikle støttemateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn

Aktivitet	Milepålar/resultat
<p>5.1</p> <p>Her har vi tidlegare utvikla ressursar. I 2012 har desse blitt oppdaterte. (Sjå også omtale under hovuddel 3 over)</p>	

#### **Oppgave 6: UH-sektoren**

Mål: Senteret skal bidra i utviklingsarbeid som sikrar kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i grunnopplæringa.

Tiltak: - Styrking av samarbeidet om utviklingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrke kunnskapsgrunnlaget for nynorskopplæringa.

- Formidle oppdatert forsking til sektoren.

- Bidra til arbeid som sikrar god kvalitet i etter- og vidareutdanninga av norsklærarar.

Aktivitet	Milepålar/resultat
6.1 Sjå omtale og merknader under hovuddel 2.2 (fagdidaktisk aktivitet og kompetanseutvikling) over.	

## Årsrapport 2012 (til del 4)

### Omtale av aktivitet

Utfyllande om 1.1 og 2.1:

Prosjekta «Nynorsk i barnehagen» og «Nynorsk frå skulestart» har to overordna mål. Det eine er å ta i bruk ny nynorsk barnelitteratur i undervising/pedagogiske opplegg. Litteraturen blir brukt som utgangspunkt for leseopplevingar, leseopplæring, tekstproduksjon og utvikling av ordforråd og utvikling av munnleg kompetanse. Det andre målet er å ta i bruk nettsidene våre, både barnesidene «Berte og Iver» og ressurssidene for vaksne «Nynorsk for dei minste», og nytte desse som ressursar i undervising/pedagogisk verksemrd. Vi har nytta begge prosjektgruppene som referansegruppe i den vidare utviklinga av nettsidene våre.

Dei fleste skulane har inkludert nynorskperspektivet i undervisingsaktivitetar i norsk og tverrfaglege prosjekt med vekt på grunnleggande ferdigheter. I tillegg har ein del av dei hatt arrangement som skal skape leselyst, til dømes lesevake og forfattarbesøk. Vi har døme på undervisingsopplegg der høgtlesing av biletbøker, samtalar i samband med høgtlesing og skriving er knytt til kompetansemål på ein god måte. I tillegg kan vi nemne prosjekt som utvidar fadderordninga ved å knyte henne til norskfaget. Eit døme på dette er ei ordning der elevar frå 6. klasse støttar elevar i 1. klasse i bruken av nettsidene «Berte og Iver», fadderordning der elevar i 6. klasse les bøker for elevar i 1. klasse. Vi har òg døme på eit godt planlagt eventyrprosjekt, opplegg knytt til bruk av nynorske dikt, rettleia lesing, skriving av eigne bøker m.m.

Dei fleste barnehagane har jobba med å skape ein kultur for lesing. Det handlar om å gjere bøker meir tilgjengelege og ha faste tider for lesing. Fleire har fått i gang bibliotekordningar i barnehagen, og mange driv ulike skapande aktivitetar med utgangspunkt i boklesing.

Mange skular melder tilbake at det har vore svært nyttig å delta i eit fellesskap der ein kan utveksle idear. Mange fortel at dei ønskjer å nytte nynorsk i alle samanhengar i skulen, men at dei brukar mykje tid på å leite etter dikt, rim og regler og songar på nynorsk. Dette fordi tilfanget ikkje er så stort. Prosjektet har bidrege til å rette søkelyset på tilfanget og har gitt innspel på materiell til lærarane.

#### Utfyllande om punkt 3.3.:

Våren 2012 søkte Torstad ungdomsskole i Asker prosjektmidlar til sidemålsprosjektet «Nye vegar til betre nynorsk», eit eittårig prosjekt for tiandetrinnet. Prosjektet har som mål å styrke nynorskdugleiken mellom elevane ved hjelp av tre tiltak: 1) Teaterverkstad i samarbeid med Det norske teatret, der ein arbeider med å skrive og framføre nynorske tekstar. 2) Skriving på tvers av fag på nynorsk, som inkluderer kurs for lærarane og bruk av undervisningsmateriell på nynorsk i andre fag enn norsk. 3) Skriveverkstad i skjønnlitterær skriving med forfattar Magnhild Bruheim.

Hausten 2012 hadde to NYS-tilsette eit dagsseminar for norsklærarane, og i januar 2013 har ein tredje medarbeidar hatt eit opplegg om ungdomslitteratur.

Vi sa ja til denne søknaden, sjølv om tidshorisonten berre var eitt år. Dette fordi vi vurderte opplegget som nyskapande og at det var eit engasjement frå heile kollegiet. Vi ser det også som verdfullt å etablere kontakt med ein ungdomsskule i Oslo-området som vi ev. kan bruke som «bruhovud» og føredøme seinare.

#### Utfyllande om punkt 4.1.:

I 2012 har vi prøvd å få oversyn over kor stor del av yrkesfagelevane som har nynorsk som hovudmål, men dette har synt seg vanskeleg, då det ikkje finst sikre tal på dette. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd eit oversyn som dei hevdar har god kvalitet – etter påtrykk frå fleire, mellom anna Universitetet i Bergen. Sogn og Fjordane fylkeskommune opplyser at dei ikkje kan vere sikre på tala dei har på språkval hjå yrkesfagselevar, sidan dette ikkje skal innrapporterast til Udir (pga. lokalt gjeven eksamen). Dersom direktoratet gav instruks om dette, ville fylkeskommunen kunna skaffa sikrare tal. Dette meiner vi bør gjerast, slik at vi kan få dokumentert både talet på nynorskelevar og omfanget av språkskiftet frå nynorsk til bokmål.

Vi har spurt yrkesfaglærarar ved nokre skular om kva som trengst av autentiske tekstar på nynorsk. Den tydelegaste tilbakemeldinga var at dei først og fremst saknar *lærebøker* på nynorsk i fleire fag, og i nokre fag manglar lærebøker heilt. Dei peikar her på eit velkjent problem, men som ligg utanfor området til Nynorsksenteret å gjere noko med. Gode tekstar på nynorsk til bruk i fellesfaga vert også etterlyst.

Vi vurderer det slik at ei oppdatering av tekstbasen vår er eit aktuelt tilleggstiltak. I denne basen ligg det no ei samling autentiske medietekstar som er i bruk. Denne basen kan også omfatte autentiske arbeidslivstekstar på nynorsk som kan vere relevante i dei yrkesfaglege utdanningane. Dette arbeidet vil vi byrje på i 2013. Dersom det nyleg utgjevne heftet frå Skrivesenteret *Skriving i FYR. Meningsfulle skriveoppgaver på yrkesfag*, også kom i nynorskutgåve, ville det også vere eit godt bidrag for å betre stoda for desse elevane.

## **Senterrets vurdering av måloppnåing og effektar**

Felles tilbakemelding frå barnehageprosjekta og «nynorsk frå skulestart» er at dei melder om auka medvit omkring bruk av nynorsk litteratur og samtalar om språk. Det vert peika på gevinsten av å starte med dette alt frå første klasse.

Tilbakemeldinga frå deltagarane er at den faglege samlinga om hausten er svært nyttig og inspirerande. Mange har teke i bruk idear frå dei faglege foredrag i prosjektperioden. Mange løftar fram at det er viktig å møte andre som jobbar innanfor det same prosjektet/feltet. Dei fortel at dei ofte kan føle seg åleine om å arbeide for sterkare vektlegging på bruk av nynorsk i skule og barnehage.

Erfaringar frå desse prosjekta viser at første året kom det mange tilbakemeldingar på at det var vanskeleg å involvere og engasjere alle tilsette i barnehagen. Det var unaturleg og utfordrande for dei tilsette å skulle lese nynorsk. Etter andre året med prosjekt fortel dei at både dei tilsette og borna har fått eit naturleg forhold til nynorsk og mange fleire les nynorsk og vel nynorske bøker.

Vidare er det tilbakemeldingar som seier at deltaking i prosjektet har utvikla den enkelte barnehagen og det han står for. Dei er no meir medvitne om kva for litteratur dei kjøper til barnehagen og korleis dei nyttar litteratur i ulike samanhengar. Nynorsk har vorte ein del av barnehagen sitt kjennemerke.

Tilbakemeldingane vi får – og eige inntrykk etter besøk ved prosjektskulane og -barnehagane – tyder på at vi langt på veg ser ut til å nå måla for desse prosjekta. Det viktigaste er at det skaper auka «nynorskmedvit» både hjå borna og hjå læRARane/barnehagepersonalet. Dette er også viktig, sidan det er desse vaksne som skal bruke inspirasjon og idear frå prosjektperioden i arbeidet med nye barnekull i åra framover.

Vi får også gode tilbakemeldingar på nettressursane vi har utvikla for desse yngste aldersgruppene.

## **2013 og vidare**

To store utfordringar for 2013 og åra etter er å vidareføre etablert aktivitet og å spreie røynslene til nye skular og barnehagar. Dette gjeld alle tiltaksplan-prosjekta på alle nivå.

For å få i gang prosjekt med utprøving av nynorskopplæring har vi vore avhengige av entusiastiske lærarar og barnehagetilsette, rektorar og styrarar. Saman med litt pengar til frikjøp, kursing og materiell – og oppfølging frå oss – har vi fått til mange gode opplegg med jamt over svært gode tilbakemeldingar. Men folk byter jobb og blir pensjonistar, og

prosjektmidlane frå Nynorsksenteret tar slutt. Kva skjer då? Er det etablert ei robust organisering rundt tiltaket som gjer at det kan halde fram?

Vi har som mål at flest mogleg av prosjekta skal halde fram også etter at tiltaksplan-perioden tar slutt sommaren 2013. I alle fall skal vi dokumentere arbeidsmåtar og resultat slik at røynslene som har blitt samla blir lett tilgjengelege for alle andre som vil prøve. Det vil blir gjort med ein fyldig sluttrapport frå Tiltaksplanen og med mange delrapportar, filmar og andre ressursar på nettsida vår.

### **Vesentlige avvik (også økonomiske)**

Aktivitet med utgangspunkt i Tiltaksplanen er gjennomført etter oppsett plan og innanfor budsjett.

### **Vedlegg 2:**

*Oversyn over prosjektskular og –barnehagar 2012-2013.*

#### **Lenker til tilleggsdokumentasjon**

- Om prosjekta ved samarbeidande skular og barnehagar:

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/samarbeidsprosjekt/2012-til-2013>

- Generelt om «Tidleg start»-prosjektet:

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/?&displayitem=2023&module=news>

- Synnøve Matre og Atle Skaftun (red.): *Artikler fra den første nordiske konferansen om skriving, lesing og literacy.*

Bidrag frå Benthe Kolberg Jansson om «Tidleg start» <http://www.akademikaforlag.no/content/skriv-les-nr-1>

Sluttrapport frå prosjektet *Målstreken*: [www.malstreken.no/](http://www.malstreken.no/)

## **5. Andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet**

*(Nynorsksenteret har ikkje hatt andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i 2012)*

## **6. Oppdrag frå andre oppdragsgjevarar som er utført i 2012**

*Utdanningsdirektoratet ønsker en kortfattet oversikt over hvilke andre oppgaver senteret har gjennomført på oppdrag av / finansiert av andre enn Utdanningsdirektoratet. Oppdragenes relevans i forhold til senterets mandat skal synliggjøres.*

Nynorsksenteret har i 2012 vore med i Kunnskapsdepartementets «Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål». Gruppa vart oppnemnd i mars 2012 med 15 medlemmer. Desse representerte interesseorganisasjonar, skuleeigarar og ymse fagmiljø. (Sjå vedlegg under med mandat og fullstendig liste over medlemmer.) Gruppa vart leia av statssekretær Elisabet Dahle og hadde til saman fem møte, det første 20. april, det siste 27. november. Leiaren for Nynorsksenteret var i tillegg på eit ekstra møte i departementet for å førebu det andre møtet i gruppa. Via Udir fekk Nynorsksenteret også i oppdrag å vere sekretariat, og frå og med det andre møtet har NYS-medarbeidar Hjalmar Eiksund fungert som sekretær. Han har skrive referat og i samråd med KD lagt til rette sakspapir før møta. Nynorsksenteret har også fått i oppgåve å lage utkast til sluttrapport frå arbeidet. Ein førsteversjon vart presentert og drøfta på siste møtet i november. Ein revidert og meir gjennomarbeidd versjon blir levert til departementet i januar 2013.

Nynorsksenteret har brukt nokså mykje tid på arbeidet i KD si Nynorsksgruppe i 2012. Både leiaren og Hjalmar Eiksund har hatt mange turar til Oslo og mellom møta har vi brukt mykje tid på referat- og notatskriving. Dette engasjementet har relevans for post 2.1 i oppdragsbrevet, men kjem elles i tillegg til dei ordinære postane. Vi har likevel sett det som svært relevant og naturleg for oss å delta i ei slik gruppe. Målet med arbeidet har vore å drøfte nynorskelevane sin situasjon i grunnopplæringa og å foreslå tiltak som kan redusere nynorskfråfallet. Dette går rett inn i kjernen av vårt mandat.

Drøftingane på møta i gruppa har vore interessante og relevante for til mykje av den aktiviteten vi elles driv med. Det har vore nyttig som grunnlag for den aktuelle debatten om læreplanrevisjonen og det har vore ein arena for bygge nettverk. Vi reknar dessutan med at KD våren 2013 vil følgje opp arbeidet i gruppa (og sluttrapporten) med å initiere ulike tiltak for å styrke nynorskelevane sin situasjon. For mange av desse tiltaka vil det vere naturleg å involvere Nynorsksenteret.

Kunnskapsdepartementet har betalt reise og kostpengar i samband med møta. Elles har vi ikkje fått ekstra løyvingar til dette oppdraget.

## **Vedlegg: Mandat og medlemmmer i ressursgruppe for nynorsk som hovedmål**

### **1. Mandatet**

Henta frå invitasjonsbrev frå Kunnskapsdepartementet ved Elisabet Dahle, dagsett 12. mars 2012:

Nynorsk skal vere eit levande språk i opplæringa. Det er eit behov for å styrke innsatsen slik at fleire elevar held fast ved nynorsk som hovedmål gjennom heile opplæringa. Motivasjon, haldning, kultur og kompetanse er alle viktige element som kan medverke til å nå dette målet.

Gruppa skal drøfte og kome med forslag til:

- Korleis kan vi få meir kunnskap om årsak til språkbytte i grunnskolen og særleg i overgangen til vg. skole?
- Korleis kan vi hindre at slikt språkbytte skjer?
- Finst det gode eksempel på slikt arbeid som vi kan bygge vidare på? Og kva er eventuelle hindringsfaktorar?
- Korleis kan vi bruke ressursmiljøa som eksisterer på ein betre måte?
- Kompetanseheving av lærarar.
- Korleis auke tilgangen på læringsressursar på nynorsk, særleg på nett.
- Andre forslag til tiltak.

Arbeidet til gruppa skal avsluttast innan 2012.

### **2. Medlemmar i ressursgruppa**

Frå Kunnskapsdepartementet: Elisabet Dahle, Maria Grødal.

Faste medlemer: Torgeir Dimmen (Nynorsksenteret), Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrums), Sylfest Lomheim (Universitetet i Agder), Benthe Kolberg Jansson (Høgskolen i Østfold), Håvard B. Øvregård (Noregs Mållag), Sigfrid Tvitekkja/Arnfinn Muruvik Vonen (Språkrådet), Merete Thomassen (Universitetet i Oslo), Jan Magne Dahle (Landssamanslutninga av nynorskkommunar), Karen Marie Kvåle Garthus (Målstrekken), Jon Olav Strand (fylkesvaraordførar i Aust-Agder (KrF)), Martin Minken (Utdanningsforbundet), Unn Leirvåg (Skien vgs.), Agnes Ravatn (Dag og Tid), Vebjørn Sture (Norsk Målungdom), Øyvind Osdal Runde (Eleverorganisasjonen). Referent: Hjalmar Eiksund (Nynorsksenteret). Andre som har møtt: Katrine Gramnæs (Kunnskapsdepartementet), Bente Heian (Utdanningsdir.), Eli Karin Flagtvedt (Utdanningsdir.).

## **7. Årsrekneskapen (frist: 15. februar)**

*Mal for regnskapsrapportering skal brukes av sentrene. Det skal utarbeides skriftlige kommentarer til regnskapsrapportene.*

*Utdanningsdirektoratet ber om at rapporteringen viser hvor stor del av tildelingen(e) som disponeres som "overhead" av vertsinstitusjonene. Direktoratet ønsker videre at rapporten viser omfanget av overskuddsmidler fra tidligere år og innspill fra senteret om bruk av disse midlene. Årsregnskapet skal være påtegnet av økonomiansvarlig ved vertsinstitusjonen. Det vises for øvrig til Oppdragsbrev for 2012 og 2013.*